



**Referat: Dialogmøte/mekling Osterøy kommune:**

## **Detaljreguleringsplanar for Saltverket næringsområde og Holmane næringsområde**

Til stades:	<u>Osterøy kommune:</u> Lars Fjeldstad, ordførar Ingvild Kristi Hjelmtveit, rådmann Berit Rystad, sektorleiar Anders Gulowsen, Wenche-Mari Bliksås,  <u>Statens vegvesen:</u> Ingelin Garen, Lars Ottar Sagstad, arealplankontakt  <u>Fylkesmannen i Vestland:</u> Nils Erling Yndesdal, kommunaldirektør Egil Hauge, seksjonsleiar Fredrik Arnesen, seniorrådgjevar
Forfall:	
Møteleiar:	Nils Erling Yndesdal, FMVL
Referent:	Fredrik Arnesen, FMVL

**Tidspunkt:** 20.03.2020

**Møtestad:** Statens hus, Bergen / videokonferanse

Møte vart innleia ved at Fylkesmannen v/Yndesdal gjorde greie for prosess knytt til samordning av statlege motsegn og dialogmøte.

Osterøy kommune v/Rystad hald ein presentasjon og gjorde greie for tilhøve og utfordringar knytt til areal for næringsutvikling i kommunen. I desse konkrete sakene har det vore fleire møter mellom kommunen og Statens vegvesen, og ein har diskutert fleire løysingar. For kommunen har det vore viktig å finne løysingar som kan realiserast, både teknisk og økonomisk. Det har vore utfordrande, og SVV har kome med nye krav undervegs. Prosessen har tatt tid og vore lite føreseieleg. Kommunen ønsker å gje gode rammevilkår til næring, mellom anna ved å leggje til rette for dette gjennom plan. Eit problem er infrastruktur på fylkesvegane, som ikkje er gode nok og som ikkje har gang- og

sykkelveg. Det er problematisk at private aktørar må bidra til å utbetre desse tilhøva. Dei har ikkje økonomi til dette, og ein må nedskalere til krav som kan realiserast. Områda er satt av til næring i kommuneplanen, og SVV burde satt ned foten tidlegare i prosessen.

Statens vegvesen v/Sagstad: SVV tilbakeviste at dei hadde vore utydelege, og at dei mellom anna for Holmane næringsområde allereie i 2014 hadde gitt innspel til rekkjefølgjekrav om mjuke trafikantar. For Saltverket næringsområde hadde dei gitt tilsvarande innspel i 2018. Det kan ikkje vere overraskande for kommune og utbygger at det stillast krav om omsyn til mjuke trafikantar. SVV har vore open for reduksjon av fartsgrense på staden (i dag 80 km/t), noko som kan medføre at krav om planfritt kryss og gang- og sykkelveg vil kunne falle bort. Vestland fylkeskommune er t.d. av same oppfatning og har gjeve motsegn ved reguleringsplanen for Saltverket næringsområde. SVV finn det oppsiktsvekkande at kommunen ikkje støtter deira vurdering av omsyn til mjuke trafikantar. Bustadfeltet på Gatland er utfordrande, og gjer at vegen ned til Hosanger forbi næringsområde er ein skuleveg. Den eine av planane inneber utfylling i sjø med om lag 10.000 lastebillass. Det vil gje stor auke i trafikken på denne vegen. SVV ønsker primært fortau hele vegen langs næringsområda (om lag 700 m og 700-1000 m). Det er en smal veg med mykje transport.

Fylkesmannen i Vestland v/Hauge: FMVL har ikkje sett dette som problematisk, men vi er ikkje er ueinige med SVV. Fylkesmannen er kjend med problematikken og har forståing for begge parter. Det er lokale omsyn som står mot statlege omsyn. Det er likevel vesentleg å få på plass tryggleik for innbyggjarane.

Osterøy kommune v/Fjeldstad: Vi har forståing for SVV sine synspunkt. Men det er ei anna kultur og realitet på Osterøy. Dersom ein skal oppfylle krava til SVV vil det koste rundt 40 mill. for utbyggjar, og prosjektet må då skrinleggjast.

Statens Vegvesen v/Garen: Det må planleggjast i samsvar med vegloven. Val av løysingar er avhengig av fartsgrensa på staden. Det er vidare føresegn i kommuneplanen om trafikksikring av mjuke trafikantar.

Osterøy kommune v/Rystad: Det er lokalbaserte familiebedrifter det dreier seg om. Det er urealistisk at ein skal bygge fortau for større areal enn næringsområdet. Ein kan ikkje ta med fylkesvegar og utbetring av desse.

Fylkesmannen i Vestland v/Yndestad: Det verker å vere klar motstrid i denne saka. Mjuke trafikantar er høgt verdsett av sentrale myndigheiter, blant anna gjennom «null visjon» av drepne i trafikken. Det vil vere vanskeleg å få vesentlege unntak frå dette for kommunen.

Osterøy kommune v/Rystad: Kommune må ta dette vidare, elles vil det vere vanskeleg å få til. Det er feil plass å bruke 40-50 millionar kroner. Det kan vere eit alternativ å setje ned fartsgrensa til 50 km/t.

Statens vegvesen v/Garen: Det er kommunen som må søke om å setje ned fartsgrensa. Dersom ein får fartsgrense på 50 km/t og fortau er mykje gjort. Då vil krav til planfritt kryss, busslomme mv. falle bort.

Osterøy kommune v/Rystad: Kommunen ønsker at vegeigar ordnar fortau.

Fylkesmannen i Vestland v/Yndestad: Vi opplev at kommune og stat står langt frå kvarandre i denne saka. Det har vore fleire møter mellom partane utan at det har gjeve resultat. Dette vert difor eit meklingsmøte dersom begge parter samtykker til det. Då vert saka sendt vidare til departementet for endeleg avgjersle.

[Både Osterøy kommune og Statens vegvesen samtykka]

Fylkesmann treng då ein formell stadfesting frå Osterøy kommune der dei ber om at saka vert oversendt KMD for endeleg avgjerd.

Yndestad takka for møtet.